

# Sovjet ut av TSJEKKOSLOVAKIA!

Det er i år 10 år sidan Sovjet hørtok Tsjekkoslovakia. Dubcek sto for ein politikk som gjekk ut på at landet litt etter litt skulle lausriva seg frå Sovjet. Det var ein politikk som kunne truga Sovjet sitt grep over Tsjekkoslovakia. Andre aust-europeiske land kunne óg finne på å fylgja same line. Difor rulla sovjetiske tanks inn i landet for å knusa "Praha-våren". Undertrykkinga har gått hardest ut over arbeidarklassen og dei arbeidande massene. Landet er utan demokratiske rettar. Einkvar kritisk ytring eller opposisjon blir slege ned med arrestasjonar, vald og personforfylgjing!

Eit døme er: dei som har underskreve og som styttrar "Charta 77" risikerer fengsling, å miste jobben sin eller trygda si, avdi dei krev demokratiske rettar som er sjølvsahte for oss her i Noreg.

Vi i initiativkomiteen for ein 21.-august-demonstrasjon i Haugesund, ynskjer å syna solidaritet med det tsjekkiske folk ved aktivt å stø dei i kampen mot dei framande okkupantane. Hovudparola "SOVJET UT AV TSJEKKOSLOVAKIA!" er utgangspunktet for vårt arbeid.

Vi har óg forslag til parolar som rettar seg mot Sovjet sitt jarngrep om Aust-Europa og Sovjet sin aggressive politikk mot Eritrea. Vi meiner det er viktig, avdi Sovjet ynskjer å kontrollera innfartsvegen til Europa gjennom Rødehavet. Denne hensikten er tydelegare etter kuppet i Sør-Jemen nyleg.

HOVUDPAROLA står fast, men me ynskjer diskusjoner om resten av parolane. Endelege parolar blir fastsatt på eit stiftingsmøte for 21. august-komiteen i Haugesund

MANDAG 7. AUGUST I TOTALEN KL 19.30.

Våre mål er å samla inn flest mulige underskrifter mot Sovjet sin okkupasjon - og å mobilisere flest muleg til demonstrasjon i Haugesund den 21. august.

Med dette vil me invitera Dykkar organisasjon - samt andre enkelt-personar - til å delta i og støtte komiteen sitt arbeid.

Vær vennlig å kontakte Per Andersen, Øvregt. 183, Haugesund, eller ein av dei andre personane, som har skreve under dette oppropet.

Parolegrunnlag:

SOVJET UT AV TSJEKKOSLOVAKIA! (Hovedparole)

Frihet for alle politiske fanger i Tsjekkoslovakia.

Støtt Charta 77.

Støtt de øst-europeiske folkene sin kamp for FRIHET, DEMOKRATI OG SOSIAL-  
isme

Støtt de øst-europeiske folkene sin kamp for nasjonal sjølvstendighet!  
Ingen forfølgelse av de som støtter Arbeidernes forsvarskomite i Polen.

Støtt Eritreas frigjøringskamp - SOVJET UT!

Mot all aggresjon fra Sovjet og USA!

For initiativkomiteen i Hgsd:

Bente Kallevik (sign.)

Per Andersen (sign)

Terje Bertelsen (sign.)

Terje Emil Johannessen (sign)

Roy Andersen (sign.)

Leif G. Strøm (sign.)

## STØTT OPP!